
Fra: <h.tangen@c2i.net> [mailto:h.tangen@c2i.net]
Sendt: 29. juni 2012 14:36
Til: Postmottak KUD
Emne: Høyrings svar om lov om stadnamn

Gode Kulturdepartement!

Nedanfor fylgjer høyringsvaret frå oss i Fylkesmållaget Vikværingen. Spørsmål kan de retta til Håvard Tangen, Steinspranget 65, 1156 OSLO, mobiltelefon 934 24 325. Eller med straumpost hit. Lukka til med førehavingi av saki og god sumar!

Beste helsing

Håvard Tangen
fylkesformann

Fylkesmållaget Vikværingen

Oslo, 29. juni 2012

Til Kulturdepartementet

Svar på høyringsnotat om endring av Lov om stadnamn

Fylkesmållaget Vikværingen femner om dei tolv lokale mållagi i Oslo og fylki Akershus og Vestfold. Me har òg tidlegare komi med innspel til prosessen kring ny Lov om stadnamn.

Me ser med stor uro på framlegget om å overlata ansvaret for skrivemåten av bruksnamn til private grunneigarar. Namnesetjing er eit offentleg samfunnsoppdrag. Skrivemåten lyt fylgja vanleg norsk skrivemåte i samsvar med tradisjonell uttala, det norske opphavet i talemålvokstere frå gamalnorsk til nynorsk tid og ålment godteki rettskriving. Me ynskjer oss ikkje bruksnamn à la "Dahl", "Myhre", "Lie", "Snarøen", "Tønseth" og "Næss". Det er det same som å innføra normlause skriftformer med røter i dansketidi i Noreg att. Kva folk har til eigennamn, er sjølv sagt ei privatsak, men namn på bruk kan ikkje vera eit spørsmål for einskildpersonar åleine. Høyringsretten er opplagd, men det avgjerande ordet, som departementet skriv, kan ikkje liggja hjå ein privatperson.

Skiljet mellom gards- og bruksnamn er kunstig og søkt. Vikværingen kan ikkje sjå at det er noko grunnlag for å skilja mellom bruks- og gardsnamn, slik departementet no gjeng inn for. I dei fleste dømi vil det vera slik at bruksnamni er avleidde av gardsnamni, og me ser ikkje føre oss korleis ein skal skilja mellom desse namni på skilt og ymse kart.

Det vert òg heilt rangt å leggja skriftformer av slektsnamn eller andre sokalla fastsette namneskap til grunn for normering av bruksnamn. Gjerdi med slektsnamn er relativt ny, og det vart ikkje påbodi å bruka faste slektsnamn før ved namnelovi i 1923. Gardsnamni og med dei bruksnamni har derimot ei mykje lengre saga. Av di den nedervde uttala mange stader er på vikande front, legg Lov om stadnamn serleg vekt på denne uttala ved normering av namn.

Opnar ein no for skriftskap som ikkje tek omsyn til nedervd uttala, kjem endå fleire av dei nedervde uttalone til å kverva.

Som me ser det, er det ikkje grunneigarane som eig retten til å fastsetja bruksnamnet. Høydingsretten deira er nedfelt i den noverande lovi. Derimot bør det vera Statens kartverk som fastset skrivemåte ikkje berre av gardsnamni, men av bruksnamni òg.

Ein må dessutan koma i hug at me her i landet har ei lang normerings saga som gjeng heilt attende åt Gerhard Munthe (1838-matrikkelen) og Oluf Rygh (1886-matrikkelen). Serleg var Rygh langt føre si tid, og mange av dei formene det stridest om i dag, til dømes Kvem på Toten, var alt med i 1886-matrikkelen hans.

Gardsnamna og dei fleste bruksnamni er, slik me ser det, ein del av ein sams målarv, og ikkje eigedomen til grunneigarane.

Fylkesmållaget Vikværingen vil difor på det sterkaste råda ifrå å endra Lov om stadnamn.

På vegner av styret og lokalleiarsamlingi i Vikværingen

Håvard Tangen